

## Øystein Morten: *Jakten på Olav Tryggvason* (2019)

Trykt i *Dag og Tid* nr. 3, 17.–23. januar 2020, s. 27, under tittelen «Kjeldekritisk kongesoge». Dette er teksten slik eg sendte han til avisa, med nokre notat i tillegg (s. 3–4).

Humoristen Odd Børretzen omtala tilhøvet til sagalitteraturen slik: «De gangene Vitenskapen kan kontrollere sagaens ord, så viser det seg gang på gang at sagaen uttrykker unøyaktigheter, forvrengninger eller det rene sludder. Men alle de gangene Vitenskapen ikke kan kontrollere noe som helst, godtar Vitenskapen alt som står der til siste mann som falt på begge sider.» Han ville rettnok gjera eit unntak for Olav Tryggvason sidan styringstida 995–1000 er så lett å hugse.

I den siste boka si vil Øystein Morten finna ut kva me *eigentleg* veit om Olav Tryggvason, dersom me går ut frå at kongesogene i hovudsak er fiksjon. Kanskje fell forfatternen for lett for eit anten–eller her, for jamvel om sogene inneheld mange detaljar og vandrehistorier som må vera lagde til av ein forfattar, er det nok ein historisk kjerne i dei. Også på 1200-talet fanst ordet *lygisaga* om ei oppdikta historie, i motsetjing til soger som gjev seg ut for å vera sanne.

Morten stør seg til utanlandske krøniker som fortel om hendingar i Danmark og England der Olav er innblanda. Det er vel ikkje sikkert det berre er gudsens sanning i slike kjelder heller, jamvel om dei står hendingane nærare i tid og rom enn kongesogene frå 1200-talet. Dessutan nyttar han skaldedikt, med same argumentasjon som Snorre gav i *Heimskringla*: Dei skulle rosa herskaren, men skamros ville verta oppfatta som hån, og dei måtte difor vera sanne. Men samstundes er skaldedikta vanskeleg tilgjengelege, og som Morten sjølv peikar på, ofte «så forbannet tvetydige». Når det gjeld Olav Tryggvasons tid i Noreg (995–1000), må også Morten ty til kongesogene, med mål om å finna «en understrøm av sannhet i sagaene». Dette er i tråd med gjengs haldning blant moderne historikarar. Med denne skepsisen til overleverte førestillingar om mellomalderen kunne me vona på tilsvarende skepsis til ordet *viking*, men det vert Morten freista til å nytta i nokså romsleg tyding.

Som tittelen viser, er ikkje dette berre ei bok om Olav Tryggvason, men like mykje om Mortens jakt på kunnskap om kongen. Han har lagt vekt på å sjå og oppleve dei stadene der kong Olav kanskje eller kanskje ikkje var, og me får fylgja den intellektuelle oppdagingsreisa i lag med den fysiske reisa rundt i Nord-Europa. Somme kan nok kanskje få nok av skildringane av Mortens turar og nøyaktige alkoholkonsum, og jamvel Mortens eiga mor – som reisefylgje – spør kvifor turen til Borg i Lofoten er relevant. Eg lurar på det same.

Bak i boka er det ein kapittelvis gjennomgang av kjelder, der Morten gjev nokre utfyllande kommentarar til tolkingar som kan vera kontroversielle. Det gjeld likevel ikkje alle slike. Morten omtalar konsekvent det «eigentlege» Noreg, kysten frå Sørlandet og nordover til skilnad frå Austlandet, som «Norveien». Namnet er forklart med utgangspunkt i ein teori

om at føreleddet er *nór* 'trongt sund', ikkje *norðr* 'nord', noko det absolutt ikkje er ålmenn semje om.

Det er ikkje lett å arbeida med eldre kjelder på fleire språk, og Morten held seg forståeleg nok mest til omsetjingar eller tilrettelagde utgåver. Når ei dansk runeinnskrift vert attgjeven i norrøn normalortografi, gjev det eit falskt bilete av kjeldenærleik. Påstanden om at «í Møn» i eit skaldedikt må vera Anglesey i Wales, walisisk Môn, fordi Man i Irskesjøen «ble aldri omtalt som Møn eller noe som ligner på dette», kan eg ikkje sjå at det er dekning for i kjeldene Morten viser til.

Morten skriv lett og medrivande. Rammeforteljinga om reisene i fotefara hans Olav Tryggvason er fortalt i fortid, men dette vert somtid litt pussig når forfattaren framstiller ålmenne sanningar, t.d «i dag *var* det flere [øyer i Øresund enn i år 1000]». I slike tilfelle hadde notid vore betre.

Historikarar veit godt kor tunt kjeldegrunlaget til 900-talet er, men blant folk flest lever nok tradisjonelle framstillingar frå kongesogene godt. Det er difor veldig bra at eit kjeldekritisk perspektiv vert framstilt i populær form. Heilt trugen mot sitt eige program om å sjå bort frå alt uvisst er likevel ikkje Morten; han byggjer ut historia med naturskildringar og attgjeving av tankane til mellomaldermenneska. Når han slår fast at «[h]oldningene var gjennomsyret av skepsis mot skrift og upersonlige manuskripter som kunne forfalskes av hvem som helst», kan ikkje det vera anna enn gjettverk, og nokre religionshistoriske utgreiingar går ut over det me kan vita for visst, utan at atterhalda kjem fram i teksten. Men forteljinga vert ikkje dårlegare av det, slik også dei gamle sogeskrivarane visste.

## Arbeidsnotat

Børretzen-sitat: *Det norske folks bedrøvelige liv og historie*, 1968, s. 55.

Sidetal til diverse sitat:

- «Var Snorre Sturlasons fremstilling av Olav Tryggvason fakta eller bare forlokkende fiksjon?» (s. 13).
- «at det ikke fantes noe skille mellom skjønnlitteratur og sakprosa den gangen sagaene ble skrevet» (s. 12).
- «en understrøm av sannhet i sagaene» (s. 217).
- skaldedikta er ofte «så forbannet tvetydige» (s. 268).
- «[h]oldningene var gjennomsyret av skepsis mot skrift og upersonlige manuskripter som kunne forfalskes av hvem som helst» (s. 68) kan ikkje det vera anna enn gjettverk, og nokre religionshistoriske utgreingar (t.d. s. 192–195) går ut over det me kan vita for visst.

«Nor-veien» (s. 53) forklart som «kystlinjen fra Lindesnes og nordover», men det var vel kysten heilt inn i Vika? (Jf. Ottar frå Hålogaland.) Tolkinga (s. 63) fylgjer Myrvoll, noko det neppe er ålmenn semje om. I ei elles nokså umotivert reise til Borg i Lofoten presenterer Morten ei tolking av namnet Hålogaland som knapt nokon har trudd på, utan å nemne alternativa (s. 188).

Somme gonger tvilar eg på om alle detaljane eigentleg stemmer, til dømes om han verkeleg var så uførebudd at han måtte sitja i kyrkja på Anglesey og lesa krønikene om slaget han hadde reist dit for å undersøka.

## Man/Mᵒn/Môn

Skalden Hallfreðr Vandræðaskáld omtalar eit slag «í Mᵒn», tradisjonelt tolka som øya Man i Irskesjøen, medan Morten vil ha det til å vera Anglesey i Wales, walisisk Môn, fordi Man i Irskesjøen «ble aldri omtalt som Mᵒn eller noe som ligner på dette» (s. 159f. med referansar s. 304). Han meiner kvad og runeinnskrifter «viser skillet mellom Man og Môn i vikingtid og middelalder», men dette er feil.

Morten viser til runeinnskrifter og Hallfreðr, *Óláfsdrápa*; Bjørn krepphendi, *Magnússdrápa*; Arnórr jarlaskáld, *Þorfinnsdrápa*; Einarr Skúlason, fragment.

- Eg finn øynamnet berre i éi innskrift: Kirk Michael II: **maun** (dat.) = *mᵒn*
- Hallfreðr: *Mᵒn* i 6:2: skrive med av-ligatur, <au> og <o>. Truleg i alle tilfelle uttrykk for omlydsvokalen og normalisert *Mᵒn*. Uvisst kva for ei øy det er.
- Bjørn: *manverja*, gen.pl. av *manverjar* ‘folket på Man’; altså med stammeforma i samansetjing: nom. *mᵒn*, gen. *manar*, samansetjing *manverjir* (jf. t.d. *bjarndýr* av *bjørn*).
- Arnórr: *Mᵒn* i 16:6, uvisst kva for ei øy.
- Einarr: gen. *manar* (men da i kenning for ‘hav’)

Former som *maun* må normaliserast *Møn*; <au> var ein vanleg måte å gje att omljodsvokal- en ‘q’ på både med runer og latinske bokstavar. Det er ingen skrivemåtar i kvada Morten viser til, som tyder på at Man vart skriven «Man» i nominativ, berre at <a> opptrer i bøyingsformer og samansetjingar. Det finst altså ingen språkleg grunn til at «í Møn» skulle vise til den eine eller andre øya, og så får me gissa.

**Kjeldenærleik:** Eit sitat frå *Óláfdrápa* (s. 302) har prosaordstilling, men avvik på eit punkt frå Finnur Jónssons utgåva i *Den norsk-islandske skjaldediktning*, uvisst kvifor. [Men stemmer med den rimelege tolkinga.] Ei dansk runeinnskrift (s. 227) vert attgjeven i norrøn normalortografi. Dette gjev falske bilete av kjeldenærleik.

**Språk:** Veldig få trykkfeil; har notert manglande ‘»’ (s. 63), «blev» (s. 141).

Om fortidsbruken: t.d. «... at historie de fleste steder i verden var preget av krig og ideologi. Det dreide seg sjelden bare om ...» (s. 15), «[t]il det visste vi for lite» (s. 31, om å skildra individ frå 900-talet), «Det siste *var* det mest sannsynlige» (s. 81) – det *er* ei vurdering i notid, «i dag var det flere [øyer i Øresund enn i år 1000]» (s. 263). I «[e]n teori var at navnet Hålogaland betød ...» (s. 188) er fortid på sin plass, sidan ingen trur på den teorien i dag; *håløyg* var fulla eit folkenamn, og dei norrøne formene kan ikkje knytast til *logi* ‘loge, flamme’. På s. 209 vert det kluss med fortidsformene, der enkel preteritum skjer før preteritum perfektum.